

**Til Kulturdepartementet,**

**Postboks 8030 Dep.**

**0030 Oslo**

[postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)

## **Svar på høyring om endring av Lov om stadnamn.**

**Svar frå Sandefjord og Sandar Mållag.** Postboks 1714 Kilen, 3206 Sandefjord.

Sandefjord og Sandar Mållag tykkjer det er trist at Kulturdepartementet framleis held fast ved framlegget om at grunneigarane skal ha det avgjerande ordet i val av skrivemåten av gamle nedervde gardsnamn på eige bruk. Då framlegget til endring av Lov om stadnamn vart sendt ut på høyring i 2012, kom det inn mange høyringssvar. Departementet skriv at dei fleste som svara, gjekk mot dette framlegget. Likevel kjem framlegget att i det nye lovframlegget som no er sendt ut på høyring.

**Stadnamna er ein viktig del av kulturarven.** Det er viktig at denne kulturarven vert teken vare på og ført vidare til seinare generasjonar i ei språkform som er i samsvar med tradisjonell uttale, språkhistorisk endring av det opphaveleg gamle norske stadnamnet og **norsk** rettskrivingsmåte. Unorske skrivemåtar og endringar av stadnamn som vart innførde i dansketida og unionstida med Sverike, må dei som ynskjer det, ha som familienamn, men slike skrivemåtar bør det ikkje vera høve til å nytte som stadnamn.

Grunneigarane eig gardar og bruk, men stadnamn er ein del av den norske kulturarven. Lovverket bør tryggje at kulturarven i norske stadnamn vert teken vare på.

**Skal kulturarven i stadnamna førast vidare til komande generasjonar, er val av skrivemåten til stadnamna svært viktig.** Det vert færre som brukar det opphavelege lokale talemålemålet i mange område på grunn av fråflytting og innflytting. Ein større del av folket lærer stadnamna ved å lesa dei på kart og skilt. Mange vil vera ukjende med den lokale seiemåten av stadnamnet. Det er difor svært viktig å ha ei stadnamnslov som fører til at samfunnet tek godt vare på og vidarefører den lokale språklege stadnamnsarven.

Framlegget om å la grunneigarane ha høve til å avgjera skrivemåten til gamle nedervde gardsnamn berre dei kan vise til at skrivemåten har vore i bruk i eit eller anna tidlegare offentleg dokument, vil kunna verta svært skadeleg for stadnamnsarven vår.

Det sterke **skilje mellom gardar og bruk** som Departementet brukar, verkar svært kunstig. **For dei fleste vil eit gardsnamn vera knytt til bruka som ber namnet.** Desse bruka ligg som regel i det område den opphavslege garden med dette gardsnamnet låg. Det er ikkje slik at alle gardar med eige gardsnamn vert opphav til ei grend eller ei bygd som ber dette gardsnamnet.

Mange stader er det og få bruk som har gått ut frå den opphavslege garden, og som framleis ber gardsnamnet. Dersom eigarane sjølve kan avgjera ulike raritetar av skrivemåtar som t.d. danske embetsmenn eller tyske bergverksfolk med liten kjennskap til norsk, kan ha funne på å bruka på garden i eit eller anna dokument, kan ein få stader der det nedervde gardsnamnet ikkje vil verta er i bruk lenger.

Det vert ikkje sett opp offentlege skilt med gardsnamn alle stader, men mange set opp private skilt og der vil dei nytte sin eigen skrivemåte av stadnamnet.

Dersom grunneigarane skal ha det avgjerande ordet for val av bruksnamn, vil ein og kunna koma til å få **stadige skifte i skrivemåtar**. Ein ny eigar vil kanskje krevje å få ein annan skrivemåte av gardsnamnet. Endring av namn fører til **meir arbeid for det offentlege** og stadige endringar i ulike registreringar og kartverk. Etterslep med dette meirarbeidet, gjev dårleg oppdaterte registreringar.

Saksmengda kan lett verta stor på grunn av dette endringsframlegget i lova. Det er merkeleg at ei regjering som seier at dei vil redusere byråkratiet, kjem med framlegg om ei slik lovendring.

**Lovverket bør tryggje at kulturarven i norske stadnamn vert teken vare på.**

**Framlegget om at grunneigaren skal ha det avgjerande ordet i val av skrivemåten til nedervde gardsnamn, gjer ikkje det.**

**Sandefjord og Sandar Mållag vil difor på det sterkaste råd frå denne endringa i Lov om stadnamn.**

Sandefjord og Sandar Mållag har fylgjande merknader til lovframlegget:

**Til §6:**

Setninga etter fyrste punktum i fyrste leddet i denne paragrafen må bli ståande slik han er i den gjeldande stadnamnslova frå 1990.

Det nye innskotet som det er framlegg om, ”og har det avgjerande ordet i desse sakene”, må takast ut.

**Til § 8:**

Fyrste ledd i denne paragrafen må vera likelydande med 2. ledd av §8 i lova frå 1990.

Det vil seia at den fyrste setninga i fyrste avsnitt i den nye §8 i må byrje slik: Skrivemåten av **gardsnamn og bruksnamn** som språkleg og.....

Det nye tillegget som er skrive med kursiv i 2. ledd av framlegget til § 8 i det nye lovframlegget (*Dette gjeld ikkje dersom eigar eller festar ønskjer ein alternativ skrivemåte og kan dokumentere at den ønskje skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Skrivemåten kan i desse tilfella vedtakast utan høyring.*) må takast ut av paragrafen.

**Til §12:**

Paragrafen bør ha same ordlyden som i lov frå 1990.

Siste setninga i §12 i lova frå 1990 " Opplysningane i registeret er offentlege." er ikkje med i det nye lovframlegget.

Me kan ikkje sjå nokon grunn til at opplysningane i dette registeret ikkje lenger skal vera offentlege.

Framlegget til lovendring gjeld og språklege endringar og redigering av nokre av paragrafane. Føremålet med det er å gjera lova klarare slik at det skal verta lettare for lesarane å skjønna innhaldet i lova. Dette ser Departementet ut til å ha lukkast med.

Sandefjord, 2-9-2014.

Med helsing

Sandefjord og Sandar Mållag

ved Hæge Roholdt Brunvatne

leiar i Sandefjord og Sandar Mållag